

Jf. mottakarliste

## Referat synfaring av Torvikelva, Eid kommune, 14.09.2016 - retta utgåve

Stad: Torvikelva ved idrettsbana  
Tid: 14.09.2016 kl 14 – 15

Desse møtte:

Frøydis Borghild Torvik Wichne , for grunneigar  
Naturvernforbundet v/ Thorleif Jakobsen  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Eyvin Sølsnæs  
Eid kommune v/ Stanislawa Voldsund  
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Staffan Hjøhlman

Inviterte som ikkje møtte:

Andre eigarar av grunn som grensa til Torvikelva, Eid jeger - og fiskelag, Eid sportsfiskelag.

### BAKGRUNN OG FORMÅL MED SYN FARINGA:

Eid kommune i samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune inviterte til synfaring for å kunne identifisere ureiningskjelder og mulege tiltak for å betre tilstanden. Hovudfokus vart sett på ureining frå kloakk, gjødsellager, rundballar/silo og avrenning frå jorbruksareal.

Målet med synfaringa var :

- Orienterere grunneigarar, lag og organisasjonar om arbeidet etter vassforskrifta (setje miljømål, fastset je tilstand, identifi sere probl em og føreslå tiltak)
- Få innspel om ureiningskjelder og anna uheldig påverknad av elvane
- Diskutere tiltak for å betre tilstanden

Eid kommune er styresmakt for avløp og jordbruk, og er difor forplikta å iverksette / pålegge tiltak som betrar tilstanden. Tiltak kan vere mellom anna buffersoner til elvane, endra gjødselspreiingsregime, plassering av rundballar, oppgradering av private avløpsanlegg og kommunale avløpstiltak. Synfaringa er ein lekk i arbeidet med å velje tiltak.

### OBSERVASJONAR OG OPPLYSNINGAR UNDER SYNFARINGA:

Det vart observert grønt belegg av algar på steinar i elva, men uvisst om dette kan knyttast til ureining eller ikkje. I følgje grunneigar er dette ein normal situasjon i denne elva.

Elva har til tider stor vassføring, og ei steinfylling rett nedstrøms kraftverket er 2 gonger tatt av flaum. Ein gangbru i stål erstattar no fyllinga.

Det er lite fisk i elva og kort strekning frå utløpet i fjorden opp til naturleg vandringshinder.

Det førekjem ulovleg brenning av avfall (papir m.m.) i Torvik - området, mellom anna i elvekanta. Det er planar om nytt byggefelt på dyrka mark i Torvik.

I nedre del av Torvikelva er det ekstensiv jordbruksdrift med sauehald. Lenger oppe i Remmedalen og området rundt Slettebøvatnet er det intensiv jordbruksdrift. Det vart fortalt om

ein episode for 1 eller 2 år sidan med lekkasje av gjødsel lenger oppe i elva, som førte til ureining og mørkt vatn i elva.

Med helsing

Staffan Henrik Hjøhlman  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Torvikelva prøvedata  
Rapport 2014 Elvar i Eid kommune  
Rapport 2014 Nordfjord hovudrapport

Mottakarar

Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER  
Naturvernforbundet c/o Thorleif Jakobsen Skulevg 92 6770 NORDFJORDEID  
Frøydis Borghild Torvik Wichne Torvik 6777 STÅRHEIM

Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Merete Farstad